Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvås.

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Arne Stueståøl

Gard:

(adresse): Førland, Kvinesdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ymse slag for utanom høyet vert ved oftast kalla hjelpefor. Stundom høyrer ein også bjergefor. Eg gamle tala om å bjerga krøteret fram til våren.
2. Noko samnamn er ukjend. Skav er skav, og brom er brom.
3. å skava vert bøygd: notid: skjeve, fortid: skov, partisipp: skave.
4. Namnet er skav, og det er ikkje lite nytta som krøterfor.
Mange nyttar skav som ein lekk i rasjonell foring; men vanlegast vert det nytta som hjelp i vanskelege år.
5. Til skav vert nytta: raun, osp, lind, hegg, alm, hassel, selje, vier, eik og stundom ungbjørk når det er lite av andre tre.
Barkeskav veit ein ikkje om.
Gjævaste treslag er alm, dinest raun.
6. Har aldri høyrt skav som trenamn.
7. Eg har eingong i barndomen høyrt noko liknande som det rimet i spørjelista, men hugsar det ikkje. Eg eg veit ingen no som kan det.

965

8. Heile buskapen fekk skav, hesten og. Hesten fekk helst ospeskav. Det skulle vera så godt for „skjøl", serleg til unghestar.
Skav kunne ein gje heile året, men det vart helst i vårknipa det mest var i bruk. Oftast fekk kyrne skavet vondla inn i høy og halm. Hest og sau fekk skavet for seg sjølv. (Sauene måtte ikkje få skav når det nærma seg lembetida, for då kasta dei lamma, trudde dei gamle.)
Oreskav ville kyrne naudleg ha. Det er difor lite nytta.
9. Dersom skav vart gjeve som tilskot til vanleg foring, rekna ein skav hadde same forverd som havre (raunneskav.) Og smøret vart betre.
Men ospeskav gjer smøret kvitt og beiskt. Sameleis med mjølka.
[Ein kan her leggja til at sume sa det var som den vonde kom i fjoset når ein tok til å fora med skav. Men det var nok når kyrne fekk mest bare skav, og lite av det og. (i vårknipa)]
10. Skavved vert henta serskilt. Men ein tek ut kornstaur og hesjestaur mellom skavveden, og dei vert skavne.
11. Ein hentar skavved.
12. Veden ein hentar kallast skovved. (med o)
13. Marka kjenner ein ikkje her.
14. Mange hentar heim skavved tidleg på hausten, og elles utover vinteren. Han skal helst hoggast før det går sevje i treet. At skavvedhenting var serleg synd, eller at dei „leid med Jesus" har eg



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

aldri høgst tale om.

15. Med skavinga heldt dei seg oftast før inne i stova, og når det vart godt og mildt om våren på tunet. Seinare har skavinga gått for seg i løa, fjøset eller i eit skjøl.

16. Til skaving av kirstved og tynnare strangar nytta ein skavljå. Det er oftast ein smalsleten ljå som vert nytta, anten ein slår tange på han og set på eit treskoft, eller ein bare sveiper ei fille ikring inne ved „ljå-kjodet." Det er handtak bare i eine enden på skavljåen. Tynsleljåo er ute av bruk for så lenge sidan, at nokon tradisjon om dei i denne samanhengen er det ikkje.

17. Til skavinga må ein ha ein staur eller stolpe som ein stør eine enden av skavljåen mot. Ein held så i handtaket med høgre handa, og ~~skaved~~ venstre tek ein skavveden, som ein fører under ljåen og dreg til seg.

Til skaving av hesje- og kornstaur vart ofte nytta tolekniv. Ein held då stauren i venstre handa og fører kniven frå seg med høgre handa.

Til skaving av tykkare stokkar må ein bruka bandakniv eller ein tek og ~~sy~~ surrar ei fille om den enden av skavljåen som det ikkje er skoft på. Så tek ein med ei hand i kvar ende på skavljåen og dreg han mot seg.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Skavkrakk er ukjend her.

18. Når ein skov inne i hus, hadde ein ein staur, skavstauren, som gjekk frå golvet og opp under ein bjelke. Eg har høyrt eit par gamle har tala om skavholen (Kanskje eit minne frå ei tid då ein sette ein pinne i ein krakk eller anna til å styðje skavljåen mot.. Eg har sett ein gamal framsetesbenk med eit hol bora i enden. Men ingen kunne seia kva nytte holet skulle gjera, eller kvifor det var der.)

I gamle dagar stødde dei skavljåen mot sengestolpen når dei skov inne. Mange gamle senger ber merke av det. Dei meir varsame surra ei fjøl til stolpen, så ikkje senga skulle få merke av skavinga.

Om skavhol sjå ( ) ovanfor.

19. Den som skjer sit på høgre sida av skavstauren. Ljåskaftet held han i høgre handa og andre enden held han mot skavstauren. Skavveden held han med venstre handa, fører han under ljåen framover og skjer flisen av barken ved å dra skavveden til seg.

20. Ein kallar veden ein skjer skavved.

21. Barken ein skjer av heiter skav. Dei einskilde barkflisene ein skjer av heiter skavblokke.

22. Ein skjer både kvistar, tynne kjeppar, tykkare strangar og tykke stokkar. Skavveden er lenger enn vanleg brennved - ca. 80 cm. lang.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. (Skav.)

23. Kjeppane ein har skave, kallar ein skjevel (eldre form), no helst skjevle eller også skjevling.

Skjevel og skjevle heiter i fleirtal skjevla. Skjevling, fl. tal: skjevlinga.

Sprekje vert ikkje nytta om skjevlar. Men dei pinnane som vert att når kyrne har ete lauvet av lauvkjervane, kallast for _sprek_. (Altså skjevel er skaven, og sprek har borken på.)

Namnet skjevel vert ikkje nytta om dei som er tykkare enn hesjestaur t. d.

24. Skavet skal vera tunt og fint og blokkene smale. Men ein må passa på å ta med litt av veden på kvar blokka, elles vert kyrne sårtennte og vil ikkje eta skav. Det er difor ein ikkje må ha snjeggjengen skavved.

Det var stor skilnad på dei som var gode til å skava.

25. Skjevlane vart logde ut i vårturken, og når dei var turre, vart dei nytta både til bakstved og anna. Dei var sers fine å elda under hella med under flatbrødbakinga.

26. Skav vert framleis nytta.



SKAVLJÅR.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



RETT BANDAKNIV.



KRUM BANDAKNIV.



SKAVING.



NORSK ETNOLOGICK GRANSKING